

Jobb deg til festivalpass



Totalt er det behov for 250 frivillige til årets Osfest. (Arkivfoto: Benjamin Søgne Olsen)

Som i fjor tilbyr Osfest-arrangørane ein dags festivalpass for ein dags frivillig innsats. På fredag er det klart for frivillig-kickoff i Oseana.

KENNETH SVENNINGSEN
Kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Musikkfestivalen Osfest går

som kjent av stabelen 31. juli til 1. august. Totalt skal ti kjente artistar spela på storscenen ved Os ungdomsskule. I tillegg vert det fleire mindre konsertar rundt om på Osøyro denne helga.

For å dra det heile i trygt i land, er det sjølv sagt behov for mange frivillige hjelparar.

- Som i fjor, lokkar me med at ein kan jobba den eine dagen og få festivalpass for den andre. I tillegg treng me hjelp både før og etter festivaldagane. Også det kan gje gratis festivalpass

for ein dag. For dei som er med og riggar i fleire dagar, kan det vanka gratis pass for heile festivalen, seier festivalsjef *Ole Reinert Berg-Olsen*.

Gratis mat og drikke

Berg-Olsen presiserer at dei har eit godt og skikkeleg opplegg for dei som vil jobba frivillig.

- Me utarbeider skiftordningar og har ordentlege arbeidsinstruksar for dei jobbane folk vert sett til. Dessutan legg me sjølv sagt inn pausar der dei frivillige

får gratis mat og drikke, seier Berg-Olsen.

Han lokkar med mange ulike typar jobbar.

- Me kjem til å ha behov for vakter, folk i barane, backstage-crew, sceneriggarar og mykje anna, fortel festivalsjefen.

Osfest ønskjer hjelparar i alle aldrar, men av omsyn til tryggleiken og alkoholserving, må dei ha nokre nedre grenser.

- Dei frivillige må vera 16 år. Dersom dei skal jobba i baren eller tett opp mot alkoholservingane, må dei vera 18, seier Berg-Olsen.

vingane, må dei vera 18, seier Berg-Olsen.

Frivillig-kickoff

Totalt har Osfest behov for minst 250 frivillige. Til no har dei fått 180.

- Det tyder at me må ha minst 70 frivillige til. No på fredag inviterer me til frivilligsamling og artistlansering i Oseana. Her håpar me også å hanka inn fleire frivillige, seier Berg-Olsen.

Etterpå vert det konsert med rockabillybandet Twang Gang.



Initiativtakar til StolpeJakta, Tommy Sævareid, saman med rullestolbrukar Karl-Johan Røneid. (Foto: Os orienteringsklubb)

Stolpejakt på fire hjul

Også rullestolbrukarar var med då Os Orienteringsklubb inviterte til stolpejakt på Kyrkjeflaten laurdag føremiddag.

ANNE MARIE AARØEN VANGSNES
anne-marie@osogfusa.no

Årets stolpejakt vart høgtideleg opna av varaordførar *Marie Bruarøy* med snorklipping og det heile. Etterpå var det mini-stolpejakt med fem postar.

Av aktivitetane Os Orienteringsklubb hadde stelt i stand, var brikkeløpet for dei minste og «Stolpejakta» dei mest populære, i fylgje *Marie Pontoppidan* i Os Orienteringsklubb.

Rullestolbrukar *Karl-Johan Røneid* var ein av dei som prøvde seg på presisjonsorienteringa, og som gjennomførte StolpeJakta på fire hjul.

Ikkje for seint!

Gjekk du glipp av arrangementet? Du kan framleis prøva deg på stolpejakta på eiga hand. Stolpane står nemleg ute til ok-

tober og eit kart med 16 kulturminne-postar kan faast gratis på kommunetorget på rådhuset.

Etterpå var det sprintløp for erfarne o-løparar frå Hordaland. Løparane måtte innom alle 30 stolpane, men i vilkårleg rekkefølge. Løypa vart dermed minimum 8 km.

Fem stilte til start og vinnar i dameklassen vart *Nina Goga* frå

Bergen TF på tida 49,16 medan *Sindre Østgullen Deisz* fra NTNUI tok sigeren i herreklassen på tida 33,31.